

Kaizers toppar laget laurdag**31.07.2009**

Det er naturleg nok Kaizers Orchestra som toppar laget og spelar fram mot midnatt laurdag. Det blir litt av ein finale!

KAIZERS har etterkvar opparbeida seg eitt rykte som eitt av landets beste live-rockeband. Dei spelar punckrok ispedd austeuropéisk sigøyarmusikk der oljefat, skrapmetall og pumpeorgel utgjer ein del av deira karakteristiske lydbilete.

I 2006 vart dei fronta som eitt av dei største namna på Roskilde-festivalen der dei spela for rundt 50.000!

KOBAYASHI

opnar konserten laurdag. Dei spelar riffbasert, stoner-inspirert rock med fengjande melodiar og ein intens energi. Dei starta i 2007 og har hausta gode kritikkar i lokalpressa.

THE DISCIPLINES

består av det norske bandet Briskeby, minus Lise Karlsnes, og frontfigur Ken Stringfellow, som blant anna er kjend som vokalist i powerpopbandet The Posies og som keyboardist i REM.

Bandet spelar kjapp og humørfylt rock, ispedd indie-undertonar og platedebuterte våren 2008 med plata 'Smoking Kills'. Ho er mellom anna blitt kalla som eit 'heilstøypt døme på korleis god rock skal vera'.

Stringfellow har ein gong rocka av seg skoa. Gjer kan det også i Uskedalen?

MAJOR PARKINSON

er eit energisk rockeband frå Odda som på stutt tid har vorte legendariske for sine liveshow. Dei spela under By:Larm i Oslo i februar og Festidalen i Ingå kan etter å ha hørt dei der avsanna meldingane om at norsk rock er formatert og segmentert.

Bandet fekk strålende kritikkar for sitt debutalbum i fjor høst.

Den sjølvtitulerte plata innspela hjå superprodusenten Sylvia Massey er blitt karakterisert som 'ei heftig forundringspakke'.

Av Ola Matti Mathisen/Festidalens heimeside